

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

<b>Dato</b>	18.10.2022
<b>Vår referanse</b>	2022/46328-12
<b>Dykkar referanse</b>	22/3289 - 22/57573
<b>Sakshandsamar</b>	Ørjan Netteland Dybvik
<b>E-post</b>	Orjan.Dybvik@vlfk.no
<b>Telefon</b>	45721980

## Svar på søknad om dispensasjon – Byggjegrense og avkøyrsløse – Fv. 5452 Leknesvegen - gnr 195 bnr 77 - Alver kommune

Vi viser til søknad av 14.09.2022.

### Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggjegrensa til veg i samband med bruksendring av fritidsbustad på gnr. 195 bnr. 77 i Alver kommune til bustad. Det er også søkt om legalisering av tidlegare omsøkte påbygg som ikkje ble oppført i høve til søknadsskisse.

Ved søknad om bruksendring er det krav om endra bruk av avkøyrsløse etter veglova. Tiltakshavar har ettersendt eit avkøyrsløse frå 2009.

### Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggjegrensa på vilkår langs fylkesveg 5452 Leknesvegen for bruksendring frå fritidsbustad til bustad og legalisering av påbygg på gnr. 195 bnr. 77 i Alver kommune.

### Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 02.02.2022.
2. Avstanden frå bustaden (inkludert takutspring) til senterlina på fylkesveg 5452 Leknesvegen skal vera minst 14,2 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomsttilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrsløse må følgjast.
4. Bustaden må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Grenseverdiane for støy og luftkvalitet i rundskriv [T-1442](#) og [T-1520](#) frå Klima- og miljøverndepartementet må tilfredsstillast.
6. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5452 Leknesvegen.
7. Avkøyrsløse frå fylkesveg 5452 må utbetrast i høve til vilkår i løyve utsendt av Statens vegvesen 04.08.2009. Løyve og prinsippskisse ligg vedlagt.

## Bakgrunn for vedtaket


Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fylkesveg 5452 Leknesvegen har ei fartsgrense på 40 km/t og har ein ÅDT på 1000. Tomta er ikkje regulert og veglova gjeld. Det vil seie at byggegrense langs veg er 50 meter frå vegmidte. Rammeplanen er retningsgjevande når vi vurderer byggegrensa. Vegen er i haldningsklasse «Viktig lokalveg» jf. Vestland fylkeskommunes rammeplan for avkøyrslø- og byggegrensesaker 2021-2024. Retningslinene til haldningsklassen tilseier at ein kan akseptere ei byggegrense på 30 meter frå vegmidte.

Langs fylkesvegen er det fleire bustader som er bygd tett på vegen. Omsøkte bustad er allereie etablert som fritidsbustad og bruksendringa syner ikkje å skape konflikt med fylkesvegen. Det er tidlegare gitt ein dispensasjon frå byggegrensa til påbygg, men påbygget ble ikkje oppført i høve til situasjonsplan i søknaden. Påbygget som ble bygget er lengre vekk frå vegen enn tiltaket var planlagt. Den endra utforminga har derfor gitt ein gunstigare plassering enn planen med tanke på avstand til fylkesveg.


## Forholdet til avkøyrslø.

Det ble nemnt i uttale til denne saken at det var behov for ei søknad om endra bruk av avkøyrslø. Vi fekk oversendt eit avkøyrsløyve datert 04.08.2009, som er gitt av Statens vegvesen. Der har vi sett på vilkåra for utforming i løyvet. Når vi måler avkøyrslø måler vi svingradius i vegkanten, og vegbreidda er den faktiske vegbreidda frå vegkant til vegkant i avkøyrslø. Vi ser mellom anna at svingradiusen i kurva mot sør er for skarp, og blir målt til 2 meter i radius som er lågare enn kravet på 3 meter (fig. 1). Synfaring på staden viser at det også er veldig bratt i kurven mot sør, som gjer det umogleg å følgje vegkanten med køyretøy. Difor blir svingradiusen naturleg noko større, og vi kjem ikkje til å krevje at denne blir endre da dette vil endra dreneringa til kommen.



Figur 1: Svingradius i avkøyrslø frå Leknesvegen 66 mot fv. 5452

Samstundes er vegbreidda i avkøyrslø 7.1 meter, mens prinsippkissa visar til 6 m (fig. 2). Vi krev at venstre kurve mot nord strammast opp slik at vegbreidda blir 6 meter. Avkøyrslø blir svært brei og utflytande når venstre kurven ikkje avgrensast. Avkøyrsløplanen som ble ettersendt på mail (vedlagt) kan gjerne nyttas som mal på korleis den venstre kurven skal sjå ut. Det er rom i løyve for å ha vegbreidde større enn dei 3 meterane i planen, men kurven mot venstre bør utformast med lik fasong som avkøyrsløplanen. Her kan tiltakshavar ta kontakt gjennom [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) dersom noko er uklart.



Figur 2: Vegbreidda i avkøyrsløye er for stor.

Vi vil vise til at eigaren eller brukaren av avkøyrsløye har sjølv ansvaret for at *krav til utforming av avkøyrsløye* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til fri sikt (jf. veglova § 43). Dette er også er presisert gjennom vilkår 1 og 5 i avkøyrsløyevedet. Vi vurderer tilhøva i denne saken slik at avkøyrsløye ikkje er opparbeida i høve til vilkår i løyvet og må utbetrast.

#### Sluttord:

Etter ei samla vurdering av forholda på staden finn vi i dette tilfellet grunnlag for å gi dispensasjon frå byggegrensa til bruksendring til frå fritidsbustad til bustad og legalisering av påbygg på vilkår om at avkøyrsløye utbetrast i høve til avkøyrsløyeve på gnr. 197 bnr. 77 i Alver kommune.

Vi meiner at avkøyrsløye ikkje er opparbeidd i samsvar med løyvet som er gitt i 2009. Vi stiller difor vilkår om at avkøyrsløye vert opparbeidd i samsvar med avkøyrsløyeve og prinsippkissa, og at kommunen stiller vilkår om dette dersom dei gjev løyve til bruksendring slik det er søkt om.

#### Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, [post@vlfk.no](mailto:post@vlfk.no) eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

**Tone Bøyum**  
senioringeniør  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Ørjan Netteland Dybvik**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*